

REFERAT FRÅ MØTE I PROGRAMUTVAL MEDISIN

Onsdag 12. september 2018

Kl. 13.15 – 15.30

Sted: Styrerommet AHH

Tilstede: Arne Tjølsen, Olav Tenstad, Thomas Mildestvedt, Kari Indrekvam, Knut Teigen, Jan Gunnar Hatlebakk (til og med sak 25/18), Birger N. Lærum (sak 25/18)
Studentar: Solveig Benno Ski, Laila Burgos, Gard Aasmund Skulestad Johanson

Administrativt: Dina-Kristin Toppol Midtflø

Ikkje tilstade: Atle Brun, Clive Bramham, Edvin Schei, Gunnar Høvding, Nils-Halvdan Morken, Ingrid Miljeteig, Øystein Hetlevik

- | | |
|----|---|
| I | Godkjenning av innkalling og saksliste <ul style="list-style-type: none">• Godkjent• Arne Tjølsen meldte om at han har ei orientering som ikkje er på sakslista (sjå eventuelt). |
| II | Referat frå førre møte 6. juni 2018 <ul style="list-style-type: none">• Godkjent <p>Styrking av studentane si aktive rolle i PUM</p> <ul style="list-style-type: none">• Karakterar
Studentane vil lufter muligheita for å endre til bestått/ikkje bestått heller enn bokstavkarakterar. Argumentasjonen går både på psykisk helse og på jobbsøking. Per no vert ikkje karakterar lagt ved når studentane søker jobb, men dette er venta å endre seg når UiO har innført bokstavkarakterar. Dette er eit tema som er mykje drøfta. Det blei bestemt å ta det opp som ei drøftingssak i PUM, MFU må då forberede det som ei sak, og det er også noko som må drøftast med dekanatet.• Undervisningsfri eksamensperiode
Studentane melder om mykje timeplanlagt undervisning nær eksamen. Mange studentar prioriterer eigenstudie i denne perioden. Dei lurar på om det er mulig å få til ein «regel» på at dei to siste vekene skal vere fri for timeplanlagt undervisning? Leiar av programutvalet ser argumentet og vi må kartlegge korleis det er i dei ulike semestra for å få ei oversikt. |
-

ELMED319 Infeksjonsmedisinens historie med vekt på sjukdomsteoriar og sjukdommane lepra, tuberkulose og hiv/aids
PUM ser det som ein fordel om ELMED319 også er eit emne for alle studentar i elektiv periode, og ser ingen grunn i emneskildringa slik den er no for at dette ikkje skal kunne gå. Dersom det ikkje er ønskelig å utvide til tredje-års studentar må det i emneskildringa spesifiseras kvifor dette er eit emne for studentar på 4-6. studieår, og ikkje for 3. årsstudentar. Dersom det kan vere eit tilbod til alle vil det få ei 200-kode (ELMED225).

ELMED321 Opphold i ekstreme omgivelser; Fysiske, fysiologiske og helsemessige følger av opphold på høyt fjell og av dykking, og indikasjonar for hyperbar oksygen- behandling
Namnet er for langt, som tittel på emnet foreslår PUM heller «Høyde- og dykkemedisn». PUM ser det som ein fordel om dette emnet kunne vore eit emne for alle studentar i elektiv periode (3-6. studieår). Dersom det berre er for studentar på fjerde til sjette studieår må det i emneskildringa stå kvifor under krav til forkunnskap. Her må ein vurdere kor viktig undervisning i ØNH er for å kunne ta emnet, og justere læringsutbyte deretter (ferdigheiter). PUM er positive til at det er praktisk undervisning.

ELMED223 Innovasjon og entreprenørskap
Her bør heile emneskildringa vere på enten norsk eller engelsk (slik den er no vekslar det mellom norsk og engelsk).

ELMED224 Biomedisinsk ernæringsfysiologi
Dette er eit emne for masterstudentar i biomedisin og ernæring. Det kom innspel på at skildringa av vurderingsforma er litt forskjellig på norsk og engelsk. Den engelske skildringa bør skrivas om (det er ikkje «home exam»).

VEDTAK

Programutval for medisin vedtar framlagte emneskildringar for følgjande emne med føreslåtte endringar:

- ELMED222 Psykiatrihistorie
- ELMED319 Infeksjonsmedisinens historie med vekt på sjukdomsteoriar og sjukdommane lepra, tuberkulose og hiv/aids
- ELMED321 Opphold i ekstreme omgivelser; Fysiske, fysiologiske og helsemessige følger av opphold på høyt fjell og av dykking, og indikasjonar for hyperbar oksygen- behandling
- ELMED223 Innovasjon og entreprenørskap
- ELMED224 Biomedisinsk ernæringsfysiologi

27/18

VEDTAK: Endring i emneskildring for ELMED318, ELMED308 og ELMED208

Det er frå emneansvarleg ønske om endring i tre av emna i elektiv periode. For to av emna gjeld det kva nivå i studiet studentane som

<p>VEDTAK</p>	<p>skal ta emnet må skal vere på, mens det for eitt av emna er snakk om ei større endring i innhald.</p> <p>ELMED208 Abdominal og akutt ultralyd - Vil endre til at berre studentar på 4-6. studieår kan ta emnet. Det er ein del ultralyd i MED5, så litt ueinigheit i PUM om det er logisk med endringa. Men, så lenge det er grunngjeve i emneskildringa er det i orden. Det må leggst til informasjon under «Krav til forkunnskaper» i emneskildringa.</p> <p>ELMED308 Fordjupingskurs i palliativ medisin - Emneansvarlige vil tilby emnet til berre femte-årsstudentar, PUM ser det hensiktsmessig å tilby det for både femte og sjette studieår, både faglig og for å ikkje innskrenke talet på studentar. Femte studieår kjem i framtida i til å bli brukt i stor grad til hovudoppgåva, av den grunn blir det få studentar som skal ha elektiv periode på femte studieår.</p> <p>ELMED318 Moderne endokrinkirurgi: fra bilde til behandling - Her må det, under «Obligatorisk undervisning», stå kor mykje fråvær ein kan ha. «Informasjon om den formative vurderinga kan kome inn under «Undervisningsformer», då dette ikkje kan avgjere stryk/bestått.</p> <p><i>Programutval for medisin vedtar endringane i emneskildringane for følgande emne med føreslåtte endringar:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - ELMED208 - Abdominal og akutt ultralyd (ny kode: ELMED322) - ELMED308 - Fordjupingskurs i palliativ medisin - ELMED318 - Moderne endokrinkirurgi: fra bilete til behandling (tidlegare tittel på emnet: Multimodal bildediagnostikk i moderne kreftbehandling)
<p>28/18</p>	<p>DRØFTING: Arbeidsskildring for semesterstyra Vert tatt i eit seinare møte.</p>

Orienteringar

- **Utredning av flere studieplasser i medisin i Norge**, sjå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/utredning-flere-studieplasser-i-medisin-i-norge/id2606405/>
- **SHOT-undersøkelse**, sjå <https://www.uib.no/aktuelt/120002/har-undersokt-studentenes-helse-og-trivsel> (Tal frå UiB låg også vedlagt innkallinga som pdf)
 - Merker oss at medisinstudentane er fornøgde med det meste unntatt undervisning og tilbakemelding.

Mulig forklaring på dette vart drøfta i PUM, til dømes at medisinstudiet ikkje har seminargrupper på same måte som andre studieretningar. Mfu kjem snart med ein rapport, som blant anna har fokus på dette.

Eventuelt

Arne Tjølsen orienterte om at Harald Wiker er ny PUM leiar frå nyttår. Prosjektgruppa for studieplanen Medisin 2015 har no takka for seg og vidare arbeid vil bli fylgt opp av arbeidsutvalet (AU) i PUM og PUM.

Arne Tjølsen
Leder PUM

Dina-Kristin Topphol Midtflø
Sekretær PUM

Kommende saker i PUM:

- Emneskildring for MED12